

Det er so rart med dei folk so grava

Stevtonen

1) Det er so rart med dei folk so grava
i livets sogaa vilja hava
ei greida paa kor vort folk hev strevt
aa likaeins kor vort folk hev levt

2) Paa liv aa gjerdsle er det ein grundar
spanderar pengar aa øydar stunder
for det er sanning at liv aa gjerd
vil alltid syna kor folket er

3) Men er det sanning det sogaa seier
so jammensant er det pene greier
da er forvilla kor styresmenn
hev styrt aa skipa i skjend og brenn

4) I kva slags sogaa ein ser aa glora
so ser ein galskap uti da stora
folk hev 'kje vyrda um fre aa ro
men røva, rana aa tappa blo

5) I vissa sjaa me aa lyt det seia
at krafti er der folk kunne greia
aa leva livet so fjelgt aa bra
utan aa rana aa gjera ska

6) Me les i sogaa, me er forfære
dei gamle fædrar dei var so svære
aa byrja krigar, men spyr me so
kva huga folkje i verdi no

7) Forfedres hugmaal er prist aa lova
aa deira gjerdsle er prøvt aa prova
men sjaa me paa det so vert det so
forfedres storverk er smaastell no

8) Men er det soleis at folk no streva
aa vilja seiast aa visleg leva
aa kasta av seg alt trældoms tull
aa stormaktsgalskap, aa spara gull

9) Men sjaa me paa da so sjaa me klaarleg
dei ting so skadar aa mest er faarleg
so mest er gruleg, so mest bedra
dei hev ein brennande hug aa ha

10) Aa kriga, drepa, aa drikka, hora
er lagleg aatsfær kun i da stora
at slikt er gale eg ville no
daa venta vismenn det forstod

11) Naar millionar vert drept aa myrda
daa er det rettfærd ein høgt skal vyrda
i krig kan uleva rasa ut
aa skuldi gjeva dei fredens Gud

12) Er krig aa rusdrykk, ulevna, fylla
fraa svarte satan kor kan ein hylla
forsvara, elska aa gje det rum
no i den glupaste kristendom

13) Aa seia sanning eg er so huga
kva faar me sjja naar me lesa sog
me sjaa at kongar aa vismenn støtt
hev elska ulevna tidt aa trutt

14) Skal tru i ditta folk visleg gjera
ein truga borna um slikt aa læra
um fædres misgjerd, um krig aa mord
aa allslags styggdom i gjerd aa ord

15) Ein kunde lata slikt gamalt fara
kvifyre skal ein no slikt beværa
hev nok med styggedom fraa igaar
kvar bidig dag ein paa lager faar

16) Ein repeterar paa gamal sog
den er no snart som ei udslitt tvoga
men mykje av det er ikkje bra
for barnehjarta, eg held paa da

17) Det praktiska os til gagn kan væra
det skulle umgdomen helst faa læra
me vita alle notidi krev
meir kundskap, vilje, meir slit aa strev

18) Aa seia sanning eg er so huga
me aller skulle smaaborni truga
aa minnast slikt ifraa æva tid
ein skadeslaus kan det gaa forbi

19) Aa seia sanning eg er so huga
eg spyr kva folk heve lært av sog
ein stend umtrent, det er mine ord
som Kain stod, daa han drap sin bror

20) Nei liv aa gjerdsla dei vise trunæ
i krig aa myrding der ser ein runæ
i drykk aa slagsmaal ein hugen ser
aa all utrskap, kvar hjarta er